

Prop. 156 L

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i folketrygdlova mv. (enkelte presiseringar i samband med pensjonsreforma)

*Tilråding frå Arbeidsdepartementet av 25. juni 2010,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhaldet i og bakgrunnen for proposisjonen

1.1 Innleiing

Arbeidsdepartementet gjer med dette framlegg om endringar i folketrygdlova og lova om statstilskott til arbeidstakere som tar ut avtalefestet pensjon i privat sektor (AFP-tilskottslova).

Arbeidet med å reformere pensjonssystemet starta i 2001 da regjeringa Stoltenberg I sette ned Pensjonskommisjonen. Hovudprinsippa for ny alderspensjon vart avgjorde gjennom to breie pensjonsforlik i Stortinget i 2005 og 2007. Desse prinssippa vart konkretiserte og lovfesta ved endringslov til folketrygdlova 5. juni 2009 nr. 32 (ny alderspensjon), jf. Ot.prp. nr. 37 (2008–2009). Det vart innført nye reglar for opptringing av alderspensjon, levealdersjustering, fleksibelt uttak frå 62 år og regulering av alderspensjon frå folketrygda.

Reglane for opptringing av ny alderspensjon (inntektpensjon) gjeld heilt eller delvis for personar fødde frå og med 1954. Desse reglane tok til å gjelde frå 1. januar 2010, og er no innarbeidde i folketrygdlova, jf. folketrygdlova kapittel 20. Endringane i dagens alderspensjon (levealdersjustering, fleksibelt uttak og ny regulering) tek til å gjelde frå 1. januar 2011, jf. endringslova av 5. juni 2009 nr. 32.

Ved endringslov 11. desember 2009 nr. 112 (tilpasninger i folketrygdens regelverk som følge av

pensjonsreformen), jf. Prop. 15 L (2009–2010), er det gjort naudsynte tilpassingar i reglane om pensjon til gjenlevande ektefelle frå folketrygda. Det er også gjort tilpassingar i reglane om alderspensjon ved langvarige opphold på visse institusjonar, forsørgingstillegg og fristar for å setje fram krav om alderspensjon frå folketrygda. Endringane gjeld frå 1. januar 2011.

Gjennom lov 19. februar 2010 nr. 5 (AFP-tilskottslova), jf. Prop. 17 L (2009–2010), vart avtala om AFP i privat sektor frå lønnsoppgjeret 2008 lovfesta, og ordninga er no tilpassa pensjonsreforma. Lova gjeld for pensjon utbetalt i 2011 og seinare.

Forsлага i denne proposisjonen gjeld hovudsakleg presisering, utfylling og oppretting i folketrygdlova, dei to endringslovene til folketrygdlova, og dessutan AFP-tilskottslova. Departementet viser til at forslaga som gjeld folketrygdlova har vore på høyring, sjå Ot.prp. nr. 37 (2008–2009) og Prop. 15 L (2009–2010). Forslaget til ny AFP-tilskottslov var ikkje på høyring, fordi det var ei lovfesting av AFP-avtala frå lønnsoppgjeret i privat sektor i 2008, og vart utarbeidt i samråd med partane. Sjå nærmare Prop. 17 L (2009–2010).

Det blir i tillegg foreslått ei endring i reglane for pensjon til gjenlevande ektefelle frå folketrygda som følge av ny AFP i privat sektor. Sidan endringa er til gunst for dei ho gjeld, og er ei naudsynt tilpassing til ny AFP, meiner departementet at det ikkje er naudsynt med alminneleg høyring av dette for-

slaget, jf. utgreiingsinstruksen punkt 5.4 første avsnitt bokstav c.

1.2 Hovudinhaldet i proposisjonen

Kapittel 2 handlar om endringar i folketrygdlova og i dei to endringslovene. Det blir foreslått:

- å presisere kva for reglar i dagens alderspensjon dei ulike årskulla skal vere omfatta av når det gjeld særtillegg, pensjonstillegg og minste pensjonsnivå.
- å føre vidare dagens minste pensjonsnivå for personar med ektefelle som mottek AFP frå offentleg sektor eller AFP etter gamle reglar frå privat sektor.
- ei presisering i reglane for uttak av dagens alderspensjon slik at einslege og gifte personar med same pensjonsopptening skal vere sikra same retten til tidleguttak.
- at trygdetid til og med det året som sist vart likna skal leggjast til grunn når garantipensjon, grunnpensjon og pensjonstillegg blir rekna ut, slik at oppteningsperioden blir den same som for inntektpensjon i ny alderspensjon og tilleggspensjon i dagens alderspensjon. Vidare opptening blir lagd til pensjonen ved årlege omrekningar.
- å presisere i lova at det er det gjennomsnittlege grunnbeløpet i kalenderåret som skal leggjast til grunn ved årleg opptening av inntektpensjon.
- at den nye avtalefesta pensjonen i privat sektor frå 2011 skal inngå i inntektsprøvinga av pensjon til gjenlevande ektefelle og tidlegare familiепleiar, på lik linje med andre inntekter.
- at pensjonstillegget, som erstattar særtillegget, skal kunne betalast ut til personar busette utanfor Noreg på same måte som særtillegget kan i dag.
- at departementet i forskrift kan gje nærmere reglar om kravet til samanhengande periode for pensjonsopptening ved førstegongsteneste.
- at pensjonistar som før 2011 har forsørgingstillegg eller får pensjonen avkorta på grunn av visse institusjonsopphold, av administrative omsyn får ytinga rekna om etter dei nye reglane frå 2011 i samband med den årlege reguleringa frå 1. mai 2011.
- at personar som ikkje er omfatta av dei nye fleksible uttaksreglane i folketrygda, framleis skal kunne få alderspensjon etterbetalt etter dei reglane som gjeld i dag (for opptil tre år tilbake i tid).

- nokre språklege opprettingar i reglane for forsørgingstillegg som tek til å gjelde frå 1. januar 2011. Dette gjeld retten til ektefelletillegg om ektefellen har eigen alderspensjon, ektefelletillegg til uførepensionistar og fastsetjing av fribeløpet når forsørgingstillegg blir inntektsprøvt.

Kapittel 3 gjeld reglane for avtalefesta pensjon i privat sektor (AFP-tilskottsløva). Departementet foreslår:

- visse presiseringar av utrekningsgrunnlaget for ny AFP slik at det samsvarar med inntektpensjonen i ny alderspensjon. Dette gjeld grunnlaget for år med uførepensjon frå og med 2010 og regulering av grunnlaget i 2010.
- å presisere 70-prosentsregelen for AFP etter gamle reglar, slik at han skal kunne brukast på nytt dersom sivilstanden blir endra etter AFP-uttaket og at tilhøvet til ektefelletillegg blir klarare.
- at reglane for gammal AFP ved institusjonsopphold blir tekne ut av lova, fordi det i dag berre er LO/NHO-ordninga som har reglar om at pensjonen skal setjast ned ved institusjonsopphold. Dei to andre ordningane har ikkje hatt slike reglar, og det var ikkje intensjonen å endre på dette.

2 Endringar i folketrygdlova og endringslovene til folketrygdlova

2.1 Klargjering av reglane om pensjonstillegg, særtillegg og minste pensjonsnivå frå 2011 - §§ 3-3 og 19-8

2.1.1 Innleiing

Ved lov 5. juni 2009 nr. 32 er det vedteke å leggje om reglane for korleis minsteytinga i alderspensjonen frå folketrygda blir målt ut frå 1. januar 2011. Sjå nye §§ 19-8 og 19-9. Særtillegget blir avløyst av eit pensjonstillegg, og minste pensjonsnivå for personar med låg eller ingen tilleggspensjon skal fastsetjast som eit kronebeløp. Er satsen høgare enn den grunn- og tilleggspensjonen pensjonisten har rett til, blir differansen betalt ut som eit pensjonstillegg. Dette er ei teknisk tilpassing til nye reglar om regulering og levealdersjustering. Sjå nærmere Ot.prp. nr. 37 (2008–2009).

Minste pensjonsnivå vil bli fastsett med ulike satsar fordi vi i dag har ulike nivå på minstepensjonen etter sivilstand. Til dømes er nivået for ein einsleg pensjonist frå 1. mai 2010 lik 2 G, medan det for ein gift pensjonist er mellom 1,59 G og 2 G.

Pensjonen til gifte avheng mellom anna av om ektefellen er pensjonist og kor høg inntekta eller pensjonen til ektefellen er.

2.1.2 Nye alderspensionistar skal ha pensjonsstillegg og ikkje særtillegg

Dei nye reglane om pensjonstillegg skal gjelde for personar fødde frå og med 1943 og som tek ut alderspensjon frå 1. januar 2011 eller seinare. Departementet ser at det kan være føremålstenleg at dette kjem klarare fram av lova og foreslår å presisere at det ikkje blir gjeve særtillegg til denne gruppa. Forslaget følgjer opp allereie vedtekne endringar, og har ikkje materielt innhald.

Personar fødde til og med 1942 er ikkje omfatta av reglane om fleksibelt uttak og levealdersjustering. Dei aller fleste har teke ut alderspensjon før 2011. Dersom dei likevel tek ut alderspensjonen etter 2010, skal dei framleis få særtillegg om tilleggspensjonen er låg. Personar fødde i 1943 som tek ut alderspensjon med særtillegg i 2010, vil få omgjort særtillegget til pensjonstillegg dersom dei reduserer pensjonsgraden eller får ny opptening mv., sjå Prop. 82 L (2009–2010) avsnitt 5.4.

Departementet viser til forslaget til § 3-3 første ledd nytt tredje punktum i folketrygdlova.

2.1.3 Minste pensjonsnivå

Presisering av reglane om minste pensjonsnivå – vidareføring av dagens reglar

Er pensjonisten gift med ein AFP-pensjonist, får han eller ho i dag grunnpensjon tilsvarande 0,85 G, medan storleiken på særtillegget avheng av om ektefellen mottek AFP frå ei offentleg eller privat pensjonsordning.

Denne gruppa vart ikkje nemnd i Ot.prp. nr. 37 (2008–2009) fordi dei nye reglane for avtalefesta pensjon på den tida ikkje var vedtekne. Departementet foreslår å føre vidare dagens reglar, tilpassa dei nye reglane om minste pensjonsnivå og pensjonstillegg. Forslaget inneber at ein person som lever saman med ein ektefelle som mottek avtalefesta pensjon etter AFP-tilskottsløva kapittel 4 (AFP etter gamle reglar i privat sektor), skal ha minste pensjonsnivå med låg sats (svarer til dagens nivå, som er grunnpensjon på 0,85 G og særtillegg etter minstesatsen). Mottek ektefellen avtalefesta pensjon frå ei offentleg pensjonsordning, skal det gjevest minste pensjonsnivå med ordinær sats (svarer til dagens nivå, som er grunnpensjon på 0,85 G og særtillegg etter ordinær sats). Ny AFP i privat sektor kan berre takast ut saman med alderspensjon, og det trengst derfor ikkje

eigne reglar for ny AFP frå 2011. Dersom begge ektefellane mottek alderspensjon, følgjer det av § 19-8 tredje ledd at det skal gjevest låg sats.

Departementet viser til forslaget til § 19-8 tredje til femte ledd i lov 5. juni 2009 nr. 32.

Presisering av at nye satsar for minste pensjonsnivå gjeld for alle frå 2011

Personar som før 2011 har ein pensjon med særtillegg, vil framleis få dette. Storleiken vil ikkje lenger gå direkte fram av § 3-3, på grunn av dei nye reglane om regulering av pensjonar, sjå ny § 19-14 som gjeld frå 1. januar 2011. Det går fram av § 19-14 andre ledd at utbetalte pensjonar skal regulerast i samsvar med lønnsveksten og deretter bli trekte frå 0,75 prosent. Denne reguleringa vil normalt vere noko svakare enn reguleringa av satsane for minste pensjonsnivå, som skal regulerast i samsvar med lønnsveksten justert for effekten av levealdersjusteringa for 67-åringar, jf. § 19-14 tredje ledd. For å sikre at pensjonisten ikkje får ei lågare yting på grunn av reguleringa enn det minste pensjonsnivået som han eller ho har rett til etter ny § 19-8, er det gjeve ein regel om at ein eventuell differanse blir dekt gjennom eit tillegg til pensjonen. Sjå nærmare om dette i Ot.prp. nr. 37 (2008–2009) avsnitt 8.6.

Dei nye reglane om regulering i § 19-14 gjeld for alle alderspensionistar, uavhengig av når dei er fødde. Dette inneber at dei nye satsane for minste pensjonsnivå også gjeld for alle alderspensionistar. I motsett fall kunne utbetalte pensjonar ha falle under dette nivået. Satsane i ny § 19-8 med tilhøyrande forskrifter gjeld derfor frå 2011 for alle alderspensionistar. For å gjøre dette klarare, foreslår departementet at dette blir presisert i paragrafen.

Departementet viser til forslaget til § 19-8 andre ledd nytt tredje punktum i lov 5. juni 2009 nr. 32.

2.1.4 Minste samla pensjonsnivå for ektepar med alderspensjon og uførepensjon

Alderspensjon

Når det skjer endringar i sivilstand mv. etter 2010 som påverkar pensjonen, skal pensjonen reknast om etter nærmare reglar. Ved omrekninga tek ein utgangspunkt i reglane i folketrygdlova kapittel 3, og tek deretter omsyn til at pensjonen har vorte regulert i perioden som pensjonist. Den omrekna pensjonen må haldast saman med det minste pensjonsnivået ein har rett til etter ny § 19-8. Er pensjonisten gift, skal den samla pensjonen til ekteparet etter omrekninga haldast saman med det minste

samla pensjonsnivået som ektepar har rett til etter ny § 19-8 med tilhøyrande forskrifter. Desse reglane sikrar at endringar i pensjonen blir hand-sama som i dag, med naudsynte tilpassingar.

Uførepensjon

To ektefellar som begge er uførepensjonistar, vil få rekna ut samla særtillegg etter folketrygdlova § 3-3. Grunnpensjonen blir fastsett etter § 3-2. Desse vil ha rett til ein noko høgare samla minstepensjon enn to alderspensjonistar. Årsaka til dette er at uførepensjon (inkludert særtillegg) framleis skal følgje lønnsveksten, medan alderspensjon etter dei nye reglane frå 2011 ikkje lenger fullt ut blir regulert med lønnsveksten.

Kombinasjon av uførepensjon og alderspensjon

Fram til 2011 er minsteytinga (særtillegget) etter § 3-3 den same anten ektefellane mottek uførepensjon eller alderspensjon. På grunn av levealdersjustering og ny regulering frå 2011 må ein gje eigne reglar for den samla minsteytinga til ektepar der den eine er uførepensjonist og den andre alderspensjonist, eller der den eine eller begge har ein gradert uførepensjon samstundes med ein gradert alderspensjon. Ei vidareføring av dagens reglar, tilpassa dei vedtekne endringane i dagens alderspensjon, inneber at ekteparet får ei samla minsteyting som er lågare enn for to uførepensjonistar, men høgare enn om begge var alderspensjonistar.

Departementet meiner det er føremålstenleg at nærmere regler om samla pensjon og minste pensjonsnivå for ektepar i tråd med dette blir fastsette i forskrift.

Departementet viser til forslaget til § 3-3 nytt åttande ledd i folketrygdlova.

2.2 Likt vilkår for uttak før 67 år for gifte og einslege - § 19-11

Pensjonsalderen i folketrygda er i dag 67 år. Frå 1. januar 2011 kan ein, på visse vilkår, ta ut alderspensjon allereie frå 62 år. Dersom pensjonen blir teken ut tidleg, blir den årlege alderspensjonen mindre enn ved seinare uttak. For at alle skal vere sikra eit minste inntektsnivå i alderdommen, er det stilt krav om at alderspensjonen ved 67 år minst skal svare til minste pensjonsnivå/garantipensjonsnivået dersom pensjonen blir teken ut før denne alderen.

Minste pensjonsnivå og garantipensjonsnivået blir differensierte etter sivilstand, sjá avsnitt 2.1. Reglane for uttak før 67 år er utforma slik at to personar med lik opptening, men med ulik sivilstand,

kan ta ut pensjon frå same tidspunktet. Når vilkåret skal vurderast, skal både pensjonen og minstennivået (kravet) rekna ut som om pensjonisten er einsleg, uavhengig av sivilstanden til den enkelte. Dette sikrar at personar med lik opptening får lik rett til å ta ut alderspensjon, og dessutan at ein ikkje kan miste retten til alderspensjon dersom sivilstanden blir endra. Den pensjonen som skal utbetalast, blir deretter rekna ut på grunnlag av den faktiske sivilstanden. Sjá nærmere omtale i Ot.prp. nr. 37 (2008–2009) punkta 6.5.2 og 7.5.7.

I dagens alderspensjon er grunnpensjonen òg differensiert etter sivilstand, i hovudsak slik at grunnpensjonen er 1 G for einslege og 0,85 G for gifte, sjá folketrygdlova § 3-2. Som nemnt over, går det fram av forarbeida at pensjonen skal rekna ut som om ein er einsleg når vilkåret for uttak før 67 år skal vurderast. Det er likevel ikkje presisert i § 19-11 at grunnpensjonen skal rekna ut med satser for einslege. Departementet foreslår at dette blir gjort klart gjennom å legge til eit nytt punktum i paragrafen.

Departementet viser til forslaget til § 19-11 første ledd nytt fjerde punktum i lov 5. juni 2009 nr. 32.

2.3 Opptening som skal rekna ut når pensjonen blir teken ut - §§ 3-5, 19-5 og 20-10

Garantipensjon (ny alderspensjon) og grunnpensjon (dagens alderspensjon) blir fastsette på grunnlag av trygdetid, sjá folketrygdlova §§ 20-10 og 3-2, jf. § 3-5. Dette gjeld for pensjonstillegg (dagens alderspensjon) òg, jf. §§ 19-8 og 19-9 i lov 5. juni 2009 nr. 32. Trygdetid er den tida ein person har vore medlem i folketrygda (busett i Noreg) frå fylte 16 år til og med det året han eller ho fylte 66 år. I visse høve kan periodar etter fylte 66 år òg bli rekna med i dagens alderspensjon. Det blir gjeve full garantipensjon, grunnpensjon og pensjonstillegg om pensjonisten har minst 40 års trygdetid. Dersom trygdetida er kortare, blir pensjonen tilsvarande mindre.

I ny alderspensjon blir inntektpensjon tent opp på grunnlag av alle åra ein har pensjonsgjevande inntekt (eller anna pensjonsopptening). Den pensjonsgjevande inntekta blir rekna med frå utgangen av det året inntekta vart stadfesta gjennom likninga. Dette inneber at det berre er ferdiglikna inntekter som blir tekne med når alderspensjonen blir rekna ut. Opptening som ikkje er stadfesta, blir medrekna i pensjonen seinare. Når pensjonen blir rekna om, blir det nytta delingstal som sikrar at pensjonisten ikkje tapar på dette (nøytralt uttak). Tilsvarande gjeld for utrekning av tilleggspensjon

(pensjonspoeng) i dagens alderspensjon frå 2011. Her er det forholdstal som sikrar nøytraliteten.

Som følgje av at trygdetid på tidspunktet for uttak er «tent opp» heilt fram til uttaket, mens oppteninga av inntektspensjon og tilleggspensjon er klar først når den pensjonsgjenvande inntekta for det enkelte året er likna ferdig, kan garantipensjonen, grunnpensjonen og eventuelt pensjonstillegg bli rekna ut frå ein lengre «oppteningsperiode» enn inntektspensjonen og tilleggspensjonen. Etter departementets syn er dette lite føremålstenleg. Departementet foreslår at det blir presisert at det berre er trygdetid til og med det året som sist vart likna som skal leggjast til grunn når ein reknar ut garantipensjon, grunnpensjon og pensjonstillegg på uttakstidspunktet. Det same gjeld ved andre omrekningar av pensjonen.

For dei som har vore busette i Noreg heile livet, vil dette ikkje ha noko å seie, fordi dei har tent opp full trygdetid (40 år) i god tid før det første moglege tidspunktet for pensjonsuttak (62 år). Dei som ikkje har full trygdetid, vil få trygdetida rekna med i pensjonen når likninga ligg føre.

Samtidig foreslår departementet å presisere i § 19-5 at opptente pensjonspoeng blir rekna med i tilleggspensjonen frå utløpet av det året likninga for det aktuelle året er ferdig, jf. omtalen over. Det same gjeld poeng som er godskrivne for ulønna omsorgsarbeid.

Departementet viser til forslaget til § 3-5 nytt sjuande ledd og § 20-10 nytt tredje ledd i folketrygdlova, og til § 19-5 nytt andre ledd i lov 5. juni 2009 nr. 32.

Trygdetid ved overgang frå uførepensjon til alderspensjon ved 67 år

Uførepensjon er i dag sett saman av grunnpensjon, tilleggspensjon og/eller særtillegg. Pensjonen blir rekna ut på grunnlag av både tidlegare opptening og framtidig opptening. Det blir vanlegvis medrekna trygdetid og antekne framtidige pensjonspoeng til og med det året pensjonisten fyller 66 år. Full uførepensjon svarer normalt til den alderspensjonen ein ville ha fått om ein hadde vore i arbeid fram til 67 år. Dei framtidige pensjonspoenga blir godskrivne for kvart år ein mottek uførepensjon, jf. folketrygdlova § 3-19. Ved overgang til alderspensjon ved 67 år, vil den framtidige oppteninga frå uførepensjonen inngå i utrekninga av alderspensjon som faktisk opptening. Trygdetida for ein alderspensjonist som ved fylte 67 år hadde rett til uførepensjon skal minst svare til trygdetida for uførepensjonen, jf. folketrygdlova § 3-5 sjuande ledd. Departementet viser til Prop. 82 L (2009–2010) der

det går fram at dei gjeldande reglane for overgang frå uførepensjon til alderspensjon skal gjelde inntil vidare, og at spørsmålet må bli vurdert på nytt i samband med arbeidet med nye reglar om ytingar til uføre.

Departementet legg til grunn at føresegna i § 3-5 sjuande ledd (som blir åttande ledd) og § 3-19 blir ført vidare. Dette inneber at det ved utrekninga av alderspensjon til personar som fram til 67 år har motteke uførepensjon, blir det teke omsyn til trygdetid og poengår som er godskrivne sjølv om likninga for det 66. året ikkje er avslutta. Dette er opptening dei i dag har rett til, og framleis skal ha. Eventuell opptening på grunnlag av arbeidsinntekt eller trygdetid for år som ikkje var med i uførepensjonen, vil bli rekna med i alderspensjonen når året er ferdiglikna.

2.4 Opptening av inntektspensjon – presisering av kva for eit grunnbeløp som skal nyttast - §§ 20-4 til 20-8

Ein tener opp pensjonsrettar på grunnlag av pensjonsgjenvande inntekt, førstegongsteneste, mottak av dagpengar, uførepensjon og omsorgsarbeid, sjå folketrygdlova § 20-4, jf. §§ 20-5 til 20-8.

Grunnbeløpet blir fastsett årleg med verknad frå 1. mai. Gjennom eit kalenderår vil det derfor vere eitt grunnbeløp i månadene januar–april og eit anna grunnbeløp i månadene mai–desember. Det går fram av folketrygdlova § 3-13 om opptening av pensjonspoeng at om grunnbeløpet er endra i løpet av kalenderåret, skal det gjennomsnittlege grunnbeløpet leggjast til grunn.

Departementet foreslår å presisere i §§ 20-4 til 20-8 at det gjennomsnittlege grunnbeløpet i kalenderår skal leggjast til grunn også etter kapittel 20.

Departementet viser til forslaget til § 20-4 andre ledd, § 20-5, § 20-6 andre ledd, § 20-7 andre ledd, § 20-7 a nytt sjette ledd og § 20-8 tredje ledd i folketrygdlova.

2.5 Ytingar frå folketrygda til gjenlevande ektefelle og tidlegare familiepleiar – forholdet til ny avtalefesta pensjon i privat sektor

Pensjon til gjenlevande ektefelle – §§ 17-8 og 17-11

Pensjon frå folketrygda til gjenlevande ektefelle er subsidiær til andre pensjonar frå folketrygda. Pensjonen fell i dag bort når ein fyller 67 år, får rett til uførepensjon eller mottek avtalefesta pensjon (AFP) frå ei privat eller offentleg pensjonsordning, sjå gjeldande § 17-11. Føremålet med pensjonen er

først og fremst å sikre ei inntekt til ein gjenlevande ektefelle som ikkje er i stand til å forsørgje seg sjølv ved eige arbeid. Pensjonen blir inntektsprøvd mot arbeidsinntekt som den gjenlevande har eller kan vente å få ved at han blir redusert med 40 prosent av arbeidsinntekt over eit halvt grunnbeløp, sjå § 17-8. Dagpengar, sjukepengar, arbeidsavklaringspengar, svangerskapspengar og foreldrepengar er etter § 17-8 fjerde ledd likestilte med arbeidsinntekt.

Frå 2011 kan alderspensjon takast ut allereie frå fylte 62 år. Retten til pensjon som gjenlevande ektefelle fell bort om ein mottek alderspensjon, sjå § 17-11 i lov 11. desember 2009 nr. 112. Ein som allereie har teke ut alderspensjon når han eller ho blir etterlaten, kan ikkje stanse alderspensjon for i staden å få pensjon til gjenlevande ektefelle. Eventuelle pensjonsrettar etter ein avdøydd ektefelle blir da rekna med i alderspensjonen, sjå nærmare om dette i Prop. 15 L (2009–2010), jf. Ot.prp. nr. 106 (2008–2009).

Dei fleksible uttaksreglane for alderspensjon inneber mellom anna at ein når som helst kan stanse uttaket. Ein som har stansa uttaket av alderspensjonen, vil såleis kunne ha rett til pensjon til gjenlevande ektefelle (fram til 67 år) etter dei vanlege reglane om han eller ho på eit seinare tidspunkt mistar ektefellen.

Avtalefesta pensjon (AFP) er i dag ei tidlegpensjonsordning som kan ytast frå 62 til 67 år, når ein går over på alderspensjon frå folketrygda. Ein kan ikkje kombinere AFP med pensjonsytingar frå folketrygda.

Frå 2011 er AFP i privat sektor gjort om til eit livsvarig påslag til alderspensjonen frå folketrygda. Det er eit vilkår at ein tek ut heil eller delvis alderspensjon frå folketrygda. AFP fell likevel ikkje bort om ein seinare stansar alderspensjonen.

Som nemnt kan personar som har stansa uttaket av alderspensjon ha rett til pensjon til gjenlevande ektefelle. Dersom ein samstundes har eit AFP-påslag som framleis blir betalt ut, reiser dette spørsmål om det bør vere høve til å kombinere AFP-påslaget med pensjon til gjenlevande ektefelle. Departementet legg til grunn at problemstillinga vil gjelde svært få personar.

AFP i privat sektor er ikkje lenger ei førtidspensjonsordning som står på eigne bein, og det kan bli oppfatta som urimeleg om slik AFP skal føre til at retten til pensjon til gjenlevande ektefelle fell heilt bort. Dersom retten til pensjon til gjenlevande ektefelle av denne grunnen skulle falle bort, vil dette òg kunne bli oppfatta som ei forskjellsbehandling samanlikna med dei som ikkje har AFP. Departementet foreslår på denne bakgrunnen at ny AFP frå privat sektor ikkje skal føre til at pensjon til gjenlevande ektefelle fell bort.

Etter departementet sitt syn er det likevel rimeleg at AFP-påslaget skal inngå i inntektsprøvinga av pensjonen til gjenlevande ektefelle. Dette ut i frå at den gjenlevande i størst mogleg grad skal forsørgje seg sjølv ved eiga inntekt eller ved andre yttingar som erstattar bortfalle eiga inntekt, til dømes dagpengar og sjukepengar. Departementet foreslår såleis at ny AFP frå privat sektor skal inngå i inntektsprøvinga av pensjonen.

Departementet viser til forslaget til § 17-8 fjerde ledd og § 17-11 første ledd bokstav c i folketrygdlova.

Det er ei eiga stønadsordning for einslege personar som i lengre tid har vore heime og utført naudsynt pleie av ein familiemedlem, og som difor har vanskar med å skaffe seg inntektsgjevande arbeid etter at pleieforholdet har opphørt. Ordninga liknar på pensjonsordninga for gjenlevande ektefelle. Truleg vil det knapt vere nokon som vil kunne ha rett til både avtalefesta pensjon og yttingar til tidlegare familiepleiar. Departementet foreslår likevel at dei same endringane skal gjelde for denne gruppa òg.

Departementet viser til forslaget til § 16-8 tredje ledd og § 16-10 første ledd bokstav c i folketrygdlova.

2.6 Teknisk tilpassing av reglane om utbetaling i utlandet - § 19-3

For å ha rett til alderspensjon frå folketrygda er det som hovudregel eit vilkår at ein er medlem i trygda, det vil seie at ein bur eller arbeider i Noreg. Alderspensjon kan likevel betalast ut i utlandet fullt ut dersom ein har budd i Noreg i minst 20 år etter fylte 16 år.

Dersom butida er kortare enn 20 år, blir alderspensjonen rekna ut etter særskilde reglar. Tilleggs-pensjonen, som er tent opp på grunnlag av inntekt, blir betalt ut fullt ut. Andre reglar gjeld for minste-ytingane, som ikkje er tent opp på same måten. Grunnpensjonen blir betalt ut på grunnlag av ei trygdetid som svarer til det talet på poengår som tilleggspensjonen er rekna ut etter. Ein får dermed med seg ein forholdsmessig del av grunnpensjonen. Det same gjeld særtillegg og forsørgingstillegg. Reglane om utbetaling i utlandet er fastsette i folketrygdlova § 19-3.

Trygdeavtaler med andre land kan gi større rett til å få pensjon betalt ut utanfor Noreg. Slike reglar finst i trygdedelen i EØS-avtala, i Nordisk konvensjon om trygd og i ei rekke bilaterale trygdeavtaler.

Departementet legg til grunn at dei reglane som gjeld i dag for utbetaling av alderspensjon i

utlandet, skal førast vidare med naudsynte tekniske tilpassingar til pensjonsreforma.

Særtillegget blir, som nemnt over, rekna ut med den same trygdetida som grunnpensjonen når det skal betalast ut i utlandet. Særtillegget blir frå 2011 erstatta av eit pensjonstillegg rekna ut på grunnlag av minste pensjonsnivå og basispensjonen (grunnpensjon og tilleggspensjon). Departementet foreslår ut frå dette at pensjonstillegget og minste pensjonsnivå skal reknast ut med same trygdetid som grunnpensjonen.

Flyktningar får alderspensjonen rekna ut etter særlege reglar dersom dette er til fordel for pensjonisten. Mellom anna blir alderspensjonen rekna ut på bakgrunn av full trygdetid sjølv om trygdetida er mindre enn 40 år, slik at dei er sikra full minstespasjon. Desse fordelane kan ikkje eksporterast, det vil seie at ved flytting til utlandet vil den alderspensjonen som skal betalast ut bli rekna ut etter ordinære reglar. Bakgrunnen er at fordelane har karakter av å gi flyktningar særskilde (høgare) minsteytingar, det vil seie at dette ikkje er opptent rettar. Dette går i dag fram av § 3-2 sjette ledd og § 3-3 sjuande ledd. Gjennom endringane som blir gjorde i folketrygdlova kapittel 19 frå 1. januar 2011, jf. lov 5. juni 2009 nr. 32, vil dette gå fram av § 19-8 sjuande ledd òg. Departementet foreslår derfor at paragrafen blir endra slik at han i tillegg viser til § 19-8 sjuande ledd.

Dei nye reguleringsprinsippa frå 2011 gjer at utbetalte pensjon blir lausriven frå utviklinga i grunnbeløpet. Når pensjonen skal reknast ut på nytt på grunn av endra medlemskap i folketrygda, må det korrigeras for den reguleringa som alt har skjedd. Vidare kan ein gjennom fleksibelt uttak mellom anna ta ut gradert pensjon. Departementet foreslår med bakgrunn i dette at det blir presisert at pensjonen må reknast om etter særskilde reglar når endra medlemskap påverkar pensjonen. Det er føremålstenleg at dei detaljerte reglane for dette blir fastsette i forskrift, og ein foreslår at departementet får heimel til å fastsetje slike forskrifter.

Departementet viser til forslaget til § 19-3 i folketrygdlova.

2.7 Forskriftsheimel for å presisere kravet til samanhengande periode for pensjonsopptening ved førstegongsteneste – § 20-6

Avtent førstegongsteneste i ein samanhengande periode på minst seks månader, gjev pensjonsopptening etter § 20-6 første ledd. Personar som avtener førstegongsteneste og går over frå militær-

teneste til sivilteneste kan få eit opphold i tenesta. Det hender òg at personar på grunn av sjukdom, sosiale eller familiære forhold blir dimitterte med rest-teneste, og seinare blir kalla inn for å fullføre førstegongstenesta. Etter departementets syn vil det i slike tilfelle likevel vere rimeleg å kunne gje pensjonsopptening for den tida ein har avtent førstegongstenesta. Departementet foreslår derfor at det blir presisert nærmare i forskrift kva som skal kunne reknast som samanhengande periode.

Departementet viser til forslaget til § 20-6 nytt fjerde ledd i folketrygdlova.

2.8 Overgangsreglar for lovendring

2.8.1 Ikraftsetjing av endra reglar for forsorgstillegg - §§ 3-24 til 3-26

Alderspensionistar som forsørger ektefelle og/eller barn under 18 år, kan få inntektsprøvde forsørgstillegg. Fullt barnetillegg er på 40 prosent av grunnbeløpet, og fullt ektefelletillegg utgjer 50 prosent av grunnpensjonen.

Dei nye reglane for regulering av alderspensjon frå 2011 gjer at grunnbeløpet og alderspensjon under utbetaling vil bli regulerte ulikt. Fleksibelt uttak inneber vidare at tidspunktet for når alderspensjonen blir teken ut (uttaksalder) vil påverke kor stor grunnpensjonen blir. Reglane om forsørgstillegg vart derfor endra frå 1. januar 2011 slik at tillegga og dei fribeløpa som høyrer til vart knytte til minste pensjonsnivå.

Pensjonar blir regulerte årleg med verknad frå 1. mai. Første gongen alderspensionane blir regulerte etter dei nye reglane er 1. mai 2011. For dei som allereie før 1. januar 2011 har ein alderspensjon med forsørgstillegg, er det difor ikkje naudsynt å rekle om pensjonane i januar 2011, slik det går fram av ikraftsetjinga av lovendringane. Av administrative omsyn foreslår departementet at endringane i folketrygdlova § 3-24 første og andre ledd og §§ 3-25 og 3-26 blir gjort gjeldande frå 1. mai 2011 for dei som mottek forsørgstillegg pr. 31. desember 2010, slik at tillegga blir rekna om i samband med den årlege reguleringa.

Departementet viser til forslaget til lov 11. desember 2009 nr. 112 del III første ledd nytt andre punktum.

2.8.2 Ikraftsetjing av endra reglar for avkorting av pensjon under visse institusjonsopphald - § 3-28

Pensionistar som har rett til fri forpleiing under langtidsopphald i helseinstitusjon under statleg

eller fylkeskommunalt ansvar eller sit i fengsel, får pensjonen redusert etter folketrygdlova § 3-28, jf. §§ 3-27 og 3-29. Avkortinga inneber at vedkommande skal ha utbetalt 25 prosent av grunnbeløpet og 10 prosent av tilleggspensjonen. Ytinga skal likevel minst svare til 45 prosent av grunnbeløpet. Dei nye reglane for regulering av alderspensjon frå 2011 inneber at grunnbeløpet og alderspensjon under utbetaling vil bli regulerte ulikt. Fleksibelt uttak inneber dessutan at tidspunktet for uttaket påverkar storleiken på pensjonen. Føresegna i § 3-28 vart derfor endra frå 1. januar 2011 slik at den delen av pensjonen som er knytt til grunnbeløpet i staden vart knytt til minste pensjonsnivå.

Pensjonar blir regulerte årleg med verknad frå 1. mai. Første gongen alderspensjonane blir regulerte etter dei nye reglane er 1. mai 2011. For dei som allereie før 1. januar 2011 har fått fastsett alderspensjonen etter reglane i § 3-28, er det difor ikkje naudsynt å rekne om pensjonane i januar 2011, slik det går fram av ikraftsetjinga av lovendringane. Departementet foreslår derfor av administrative omsyn at endringa i folketrygdlova § 3-28 for disse personane blir gjort gjeldande frå 1. mai 2011, slik at pensjonen blir rekna om i samband med den årlege reguleringa.

Departementet viser til forslaget til lov 11. desember 2009 nr. 112 del III første ledd nytt andre punktum.

2.8.3 *Ikraftsetjing av nye reglar for frist for å setje fram krav om alderspensjon – etterbetaling - § 22-13*

Etter dei gjeldande reglane kan alderspensjon frå folketrygda gjevast for opptil tre år før kravet vart sett fram, dersom vilkåra var oppfylte i denne perioden.

Frå 2011 vil alderspensjon bli rekna ut både på grunnlag av opprente rettar, men også på grunnlag av venta gjenståande levealder (fleksibelt og nøytralt uttak) på det tidspunktet pensjonen blir teken ut. Reglane for etterbetaling vart derfor endra ved lov 11. desember 2009 nr. 112 slik at alderspensjon skal gjevast frå den månaden ein ønsker, men tidlegast frå månaden etter at kravet blir sett fram, sjå § 22-13.

Personar fødde i 1942 eller tidlegare er ikkje omfatta av dei nye reglane om fleksibelt uttak sjølv om dei tek ut alderspensjon i 2011 eller seinare. Desse bør framleis kunne få pensjonen etterbetalt for opptil tre år. Endringa i reglane frå 1. januar 2011 var derfor ikkje meint å gjelde for personar fødde i 1942 eller tidlegare og som tek ut pensjon i 2011 eller seinare. Departementet foreslår at dette blir presisert no.

Departementet viser til forslaget til lov 11. desember 2009 nr. 112 del III første ledd nytt tredje punktum.

Personar fødde i 1942 eller tidlegare som tek ut alderspensjon etter 2010 skal framleis ha særtillegg, og ikkje pensjonstillegg, jf. punkt 2.1.2. Særtillegget vil bli utmålt etter reglane i § 3-3, og ved etterbetalinga skal særtillegget bli regulert etter reglane i nye § 19-14 fra og med 2011.

2.9 Språklege opprettningar

2.9.1 *Minste pensjonsnivå - § 19-8*

§ 19-8 fjerde ledd har reglar om minste pensjonsnivå etter ordinær sats. Denne satsen svarer til det som i dag er grunnpensjon på 0,85 G og særtillegg med ordinær sats (til saman 1,85 G) og blir gjeven når sambuaren eller ektefellen ikkje er pensjonist. Dersom ektefellane ikkje lever saman, blir det likevel gjeve grunnpensjon på 1 G og ordinært særtillegg (til saman 2 G). For å føre dagens reglar vidare skal minste pensjonsnivå gjevast etter høg sats i slike tilfelle. Dagens vilkår om å leve saman vart i lova erstatta med eit vilkår om å «ha» ein ektefelle. Ein foreslår at dette blir retta opp slik at denne persongruppa framleis får pensjon på same nivå som einslege.

Departementet viser til forslaget til § 19-8 fjerde ledd i lov 5. juni 2009 nr. 32.

I § 19-8 femte ledd er det gjeve reglar om høg sats. Andre punktum fører vidare regelen om at gifte òg kan få høg minstepensjon dersom ektefellen ikkje har ei inntekt høgare enn 2 G. Dette vart i lova formulert slik at inntekta til ektefellen må vere mindre enn to gonger grunnbeløpet, og ei inntekt lik 2 G vil dermed ikkje gje rett til høg sats. Dette var ikkje tilskikta, og ein foreslår å rette opp lovtakta for å føre vidare gjeldande rett.

Departementet viser til forslaget til § 19-8 femte ledd i lov 5. juni 2009 nr. 32.

Ved lov 11. desember 2009 nr. 112 vart det lagt til eit nytt sjette ledd i § 19-8. I daverande sjette ledd (no sjuande ledd) er det vist til første til femte ledd i paragrafen. Nytt sjette ledd inneber at det i nytt sjuande ledd må bli vist til første til sjette ledd. Departementet foreslår at dette blir retta opp.

Departementet viser til forslaget til § 19-8 sjuande ledd i lov 5. juni 2009 nr. 32.

2.9.2 *Ektefelletillegg til uførepensjonistar - § 3-24 første ledd*

Etter noverande folketrygdlov § 3-24 svarer fullt ektefelletillegg for uføre- og alderspensjonistar til 50 prosent av grunnpensjonen utan ventetillegg.

Det blir ytt ventetillegg til personar som ikkje tok ut full alderspensjon frå 67 år til 70 år i tida mellom 1. januar 1973 og 1. april 1984. Det er dermed berre alderspensjonistar som kan ha ventetillegg til pensjonen.

Som følgje av dei nye reglane for regulering og uttak av alderspensjon frå 2011, vart det gjeve eigne reglar for ektefelletillegg til alderspensjonistar. Omgrepene «uten ventetillegg» vart verande att i reglane for ektefelletillegg til uførepensjonistar. Departementet foreslår at dette blir retta opp.

Departementet viser til forslaget til § 3-24 første ledd første punktum i lov 11. desember 2009 nr. 112.

2.9.3 *Ektefelletillegg for ektefelle som har rett til eigen alderspensjon - § 3-24 tredje ledd*

Alderspensjonistar som forsøgjer ektefelle kan få inntektsprøvt ektefelletillegg etter folketrygdlova § 3-24, jf. § 3-26.

Ektefelletillegget skal sikre eit visst inntektsnivå for pensjonistar med forsørgingsansvar. Det er eit vilkår at ektefellen faktisk blir forsørgd av pensjonisten. For at det ikkje skal bli ytt tillegg for ein ektefelle som har rett til eigen alderspensjon, men har valt å ikkje ta han ut, vart paragrafen endra med verknad frå 1. januar 2011, sjå § 3-24 tredje ledd bokstav d. Regelen inneber at det ikkje blir ytt ektefelletillegg om ektefellen har rett til heil eigen alderspensjon, uavhengig av om ho eller han vel å få pensjonen betalt ut eller ikkje.

Denne regelen var meint å vere ein supplrande regel til gjeldande reglar. Føresegna vart utforma slik at den nye regelen i staden erstatta den gjeldande regelen om at det ikkje kan gjevast tillegg for ein ektefelle som har alderspensjon (anten han er heil eller gradert). Departementet foreslår at dette blir retta opp.

Departementet viser til forslaget til § 3-24 tredje ledd bokstav d i lov 11. desember 2009 nr. 112.

2.9.4 *Fastsetjing av fribeløp ved reduksjon av forsørgingstillegg på grunn av inntekt - § 3-26*

Ektefelletillegg og barnetillegg er inntektsprøvde ytингar. Tillegga blir reduserte med 50 prosent av inntekt over eit fribeløp etter folketrygdlova § 3-26. På grunn av ny regulering frå 2011, vart det fastsett separate fribeløp for alderspensjonistar i nytt sjette ledd. Fribeløp for uførepensjonistar går framleis fram av femte ledd.

Det er i sjette ledd bokstav b vist til eit fribeløp som skal gå fram av sjette ledd bokstav d. Sjette

ledd har berre bokstavane a til c, og fribeløpet det skal bli vist til, går fram av sjette ledd bokstav a. Departementet foreslår at dette blir retta opp.

Departementet viser til forslaget til § 3-26 sjette ledd bokstav b i lov 11. desember 2009 nr. 112.

2.9.5 *Krav til føregående medlemskap for pensjon til gjenlevande ektefelle og barn - §§ 17-3 og 18-2*

Det er gjort unntak frå vilkåret om føregåande medlemskap fram til uføretidspunktet eller dødsfallet om den uføre eller den avdøydde hadde tent opp pensjon av ein viss storleik, jf. folketrygdlova § 12-2 fjerde ledd, § 17-3 sjuande ledd og § 18-2 sjuande ledd. Kravet til tidlegare opptening var knytt til reglane for utrekning av alderspensjon. For at dei nye reglane for utrekning av alderspensjon frå 2011 (levealdersjustering og fleksibelt uttak) ikkje skulle påverke kravet til tidlegare opptening, vart paragrafane endra slik at dei viste til reglane for alderspensjon *etter kapittel 3*.

Ved denne presiseringa av reglane for rett til pensjon til gjenlevande ektefelle og barnepensjon vart det i tillegg endra på ordlyden slik at det vart vist til opptening fram til uføretidspunktet for pensjon til gjenlevande ektefelle og barn òg, i staden for tidspunktet for dødsfallet. Endringa var ikkje tilsikta, og departementet foreslår at dette blir retta opp.

Departementet viser til forslaget til § 17-3 sjuande ledd og § 18-2 sjuande ledd i lov 11. desember 2009 nr. 112.

3 *Endringar i lov 19. februar 2010 nr. 5 om statstilskott til arbeidstakere som tar ut avtalefestet pensjon i privat sektor (AFP-tilskottsloven)*

3.1 *Grunnlag for ny AFP for år med uføre-pensjon - § 6 første ledd*

Pensjonsreforma krev at regelverket for avtalefesta pensjon (AFP) blir tilpassa, og partane i arbeidslivet i privat sektor avtalte i lønnsoppgjerset i 2008 ein ny AFP tilpassa den nye alderspensjonen i folketrygda. Ved lov 19. februar 2010 nr. 5 om statstilskott til arbeidstakere som tar ut avtalefestet pensjon i privat sektor, jf. Prop. 17 L (2009–2010) og Ot.prp. nr. 111 (2008–2009), er den gjeldande tilskottslova for AFP erstatta med ei ny lov tilpassa ny AFP. Den nye lova får verknad for pensjon som blir betalt ut i 2011 og seinare.

Av punkt 3.1 i avtala mellom LO og NHO i 2008 går det fram at

«Oppjeningsreglene for AFP skal være lik oppjeningsreglene for inntektpensjon i folketrygden, men stopper ved fylte 62 år».

Grunnlaget for utrekning av ny AFP er fastsett i AFP-tilskottsløva § 6. I tillegg til pensjonsgjevande inntekt, viser paragrafen mellom anna til at reglane for oppføring av inntektpensjon i folketrygdlova §§ 20-6 til 20-8 gjeld tilsvarende for AFP.

Ved lov 4. juni 2010 nr. 17, jf. Prop. 82 L (2009–2010) kapittel 4, er det i ein ny § 20-7 a i folketrygdlova fastsett reglar om korleis uførepensjonistar skal tene opp inntektpensjon frå og med 2010. Departementet foreslår såleis at ein viser til § 20-7 a også i AFP-tilskottsløva § 6. Fordi ein på uttakstidspunktet for AFP må vere i arbeid for å oppfylle vilkåra for å ha rett til AFP, vil dette i hovudsak kunne påverke AFP for personar som har motteke gradert uførepensjon i år frå og med 2010.

Ein viser elles til at reglane for grunnlaget for AFP i periodar med mottak av uførepensjon før 2010 alt er fastsette i AFP-tilskottsløva § 6, og tilsvrar dei reglane som ved lov 4. juni 2010 nr. 17 er fastsette i folketrygdlova § 20-21 for år før 2010. Departementet foreslår likevel nokre mindre endringar i ordlyden slik at formuleringa i AFP-tilskottsløva blir meir i samsvar med formuleringa i folketrygdlova.

Departementet viser til forslaget til § 6 første ledd i AFP-tilskottsløva.

3.2 Regulering av grunnlaget for ny AFP i 2010 - § 6 tredje ledd

Ny regulering av grunnbeløpet og dagens alderspensjon frå folketrygda skal setjast iverk i 2011. Dette vart vedteke ved lov 5. juni 2009 nr. 32, jf. Ot.prp. nr. 37 (2008–2009). I motsetnad til det som var intensjonen, trådte likevel reglane om at oppføring i ny alderspensjon skal regulera etter folketrygdlova § 20-18 i kraft 1. januar 2010 samstundes med resten av kapittel 20. Intensjonen var at all ny regulering skulle tre i kraft i 2011, og at oppføringa skulle regulera etter dagens reglar for alderspensjon i 2010, det vil seie i samsvar med den endringa i grunnbeløpet Stortinget vedtek i samband med trygdeoppgrjeren. Dette vart for alderspensjonen retta opp ved lov 4. juni 2010 nr. 17, jf. Prop. 82 L (2009–2010).

Som skildra i avsnitt 3.1, skal reglane for AFP-grunnlaget svare til oppføningsreglane for inntektpensjonen i ny alderspensjon. Tilsvarende oppret-

ting må derfor gjerast i reglane om å oppjustere (regulere) grunnlaget for ny AFP i 2010.

Departementet viser til forslaget til § 6 tredje ledd i AFP-tilskottsløva.

3.3 Presisering av 70-prosentsregelen for gammal AFP - § 14

Den samla utbetalinga av AFP, inkludert vedtektsfesta tillegg (AFP-tillegget), kan i dag ikkje vere høgare enn 70 prosent av tidlegare inntekt. Bakgrunnen for dette er at ein ikkje bør leggje opp til eit system som fører til at ein, under visse føresetnader, kan auke inntekta si ved å ikkje arbeide.

Dei gjeldande reglane skal vidareførast frå 2011 for personar som tek ut AFP før 1. januar 2011. 70-prosentsregelen for gammal AFP er fastsett i AFP-tilskottsløva § 14 andre ledd. I Prop. 17 L (2009–2010) vart det foreslått å ta inn at 70-prosentsregelen skal gjelde «på uttakstidspunktet», som ei (rekneteknisk) klargjering av utrekningsmetoden når AFP frå 2011 skal regulerast med lønnsveksten og deretter trekka frå 0,75 prosent, det vil seie regulerast som alderspensjon.

Etter ei ny vurdering foreslår departementet at orda «på uttakstidspunktet» blir tekne ut igjen av paragrafen. Mellom anna kan det vere nødvendig å avgrense pensjonen på nytt dersom sivilstanden endrar seg etter uttakstidspunktet. Dei detaljerte reglane, som fører vidare gjeldande rett teknisk tilpassa til ny regulering, vil gå fram av forskrifter gjevne med heimel i AFP-tilskottsløva § 30 bokstav d.

Departementet viser til forslaget til § 14 andre ledd i AFP-tilskottsløva.

70-prosentsregelen viser til pensjon etter første ledd, der forsørgingstillegg òg er omtalt. Personar med AFP etter gamle reglar kan få forsørgingstillegg (ektefelletillegg) dersom dei forsørgjer ektefelle over 60 år.

Departementet foreslår ei lovteknisk endring for å gjere det meir klart at eit eventuelt ektefelletillegg – som i dag – skal haldast utanom når ein vurderer om pensjonen er høgare enn 70 prosent av tidlegare inntekt. Dette blir presisert ved å flytte reglane om forsørgingstillegg frå første ledd til eit nytt femte ledd. Samstundes er det da ikkje lengre naudsynt å presisere i tredje ledd at forsørgingstillegget blir regulert på annan måte enn resten av pensjonen omtalt tidlegare i paragrafen. Dette vil følgje automatisk av at ektefelletillegget blir fastsett ut frå gjeldande minste pensjonsnivå, jf. folketrygdlova § 3-24 slik ho vil lyde frå 1. januar 2011.

Føresegna om korleis forsørgingstillegg skal regulerast blir derfor teken ut frå tredje ledd.

Departementet viser til forslaget til § 14 første, tredje og nytt femte ledd i AFP-tilskottsløva.

3.4 Opprettning av reglane for gammal AFP ved institusjonsopphald - § 16

Folketrygdlova §§ 3-27 til 3-29 gjev reglar for å setje ned pensjon ved enkelte langvarige institusjonsopphald, mellom dette fengselsopphald. Av AFP-tilskottsløva § 16 andre ledd går det fram at tilsvarende reglar skal gjelde for gammal AFP i privat sektor òg. Gammal AFP gjeld personar som har teke ut AFP med verknad før 1. januar 2011.

Reglane for AFP ved institusjonsopphald er ikkje presiserte i den gamle tilskottsløva for AFP. Slik det går fram av Ot.prp. nr. 111 (2008–2009) avsnitt 4.3 og lovmerknaden til paragrafen, var § 16 andre ledd i den nye AFP-tilskottsløva meint som ei lovfesting av gjeldande rett.

Det er i dag tre AFP-ordningar i privat sektor. Av desse er LO/NHO-ordninga den klart største. Reglane for utrekning av pensjonen er i det alt vesentlege felles for dei tre ordningane, men departementet er etter lovvedtaket gjort merksam på at regelen for AFP ved institusjonsopphald i dag berre gjeld for AFP i LO/NHO-området. Han er der fastsett i § 11 nr. 6 i vedtekten. AFP-ordningane i Spekter og finansnæringa har ingen slik regel.

Dersom § 16 andre ledd blir ståande i lova, fører dette til at denne regelen for AFP ved institusjonsopphald vil gjelde for alle dei tre gamle ordningane. I tråd med at intensjonen ikkje var å endre på dei gjeldande reglane, foreslår departementet å oppheve leddet. Regelen vil da bli avgrensa til LO/NHO-ordninga, som i dag, sidan han for denne ordninga er fastsett i vedtekten. AFP-tilskottsløva får først verknad for utbetalinger i 2011 og seinare, og har såleis ikkje påverka dei pensjonane som er betalat ut fram til no.

Departementet viser til forslaget om å oppheve § 16 andre ledd i AFP-tilskottsløva.

4 Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Forsлага om endringar i folketrygdlova skal gjelde frå 1. januar 2011. Endringane i folketrygdlova kapittel 20 gjeld likevel straks.

Forsлага om endringar i endringslovar til folketrygdlova (lov 5. juni 2009 nr. 32 og lov 11. desem-

ber 2009 nr. 112) trer i kraft straks. Det same gjeld forslaga om endringar i AFP-tilskottsløva.

Forsлага har ikkje økonomiske konsekvensar for dei første åra frå 2011 samanlikna med framskrivningane i Ot.prp. nr. 37 (2008–2009), Prop. 15 L (2009–2010) og Prop. 17 L (2009–2010), og har heller ikkje konsekvensar for dei langsiktige økonomiske verknadene av pensjonsreforma. Forsлага har ikkje varige administrative konsekvensar.

5 Merknader til dei enkelte paragrafane

5.1 Til endringane i folketrygdlova

Til oppbygginga av lova

Innleiingsvis i folketrygdlova er det eit oversyn over dei kapitla lova er delt inn i. Ved lov 19. desember 2008 nr. 106, jf. Ot.prp. nr. 4 (2008–2009), vart tittelen på kapitla 10 og 11 endra frå 1. mars 2010. Kapittelnamna vart likevel ikkje endra i det nemnde oversynet. Endringane rettar opp dette. 1. januar 2010 vart det dessutan gjeve eit nytt kapittel 20 i del VI ved lov 5. juni 2009 nr. 32, jf. Ot.prp. nr. 37 (2008–2009). Det gamle kapitlet nummer 20 (om administrative organ) i del VII var tidlegare oppheva ved lov 16. juni 2006 nr. 20. Dette blir retta opp i oversynet på tilsvarende måte.

Til § 3-3

Paragrafen gjev reglar om særtillegg. *Nytt tredje punktum i første ledd* slår fast at det frå 1. januar 2011 ikkje skal ytast særtillegg til nye alderspensionistar. Avgrensinga til 1943-kullet inneber at om personar fødde til og med 1942 tek ut alderspension i 2011 eller seinare, skal det likevel gjevast særtillegg til desse. Dersom pensjon til desse skal etterbetalast, skal det takast omsyn til reglane for regulering i § 19-14 slik paragrafen gjeld frå 2011.

Departementet viser til punkt 2.1.2.

I *nytt åttande ledd* blir departementet gjeve heim til å fastsetje forskrift med nærmare reglar om utrekning av særtillegg og om minste samla pensjonsnivå. Dette gjeld mellom anna tilfelle der ektefellen mottek heil alderspension, og tilfelle der ektefellen mottek gradert uførepensjon kombinert med gradert alderspension.

Departementet viser til punkt 2.1.4.

Til § 3-5 sjuande ledd

Paragrafen gjeld trygdetid. For at grunnpensjonen og eventuelt pensjonstillegget ikkje skal bli rekna

ut på grunnlag av ein lengre oppteningsperiode enn tilleggspensjonen, går det fram av nytt *sjuande ledd* at alderspensjonen skal fastsetjast på grunnlag av trygdetid til og med det kalenderåret som sist er likna ferdig på det tidspunktet pensjonen blir teken ut eller endra.

Departementet viser til avsnitt 2.3.

Til § 16-8 tredje ledd

Paragrafen gjeld inntektsprøving av ytingar til tidlegare familiepleiar på grunnlag av arbeidsinntekt. *Tredje ledd* blir endra slik at avtalefesta pensjon frå privat sektor blir likestilt med arbeidsinntekt, på same måte som sjukepengar og andre ytingar frå folketrygda. Endringa inneber at ny avtalefesta pensjon frå privat sektor vil kunne redusere pensjon eller overgangsstønad til tidlegare familiepleiar.

Departementet viser til avsnitt 2.5.

Til § 16-10 første ledd bokstav c

Paragrafen regulerer i kva for tilfelle retten til pensjon eller overgangsstønad til tidlegare familiepleiar fell bort. *Første ledd bokstav c* blir endra slik at ny avtalefesta pensjon frå privat sektor ikkje lenger gjer at retten til ytingar til tidlegare familiepleiar fell bort. Avtalefesta pensjon frå offentleg sektor vil framleis føre til at retten til denne ytinga fell bort. Det same gjeld avtalefesta pensjon frå privat sektor etter kapittel 4 (overgangsordning – avtalefesta pensjon etter gamle reglar) i AFP-tilskottsslova. Sjå òg endringa i § 16-8 tredje ledd, der det går fram at ny avtalefesta pensjon frå privat sektor skal reknast som inntekt som kan føre til redusert pensjon eller overgangsstønad etter folketrygdlova kapittel 16.

Departementet viser til avsnitt 2.5.

Til § 17-8 fjerde ledd

Paragrafen gjeld inntektsprøving av pensjon til gjenlevande ektefelle på grunnlag av arbeidsinntekt. *Fjerde ledd* blir endra slik at ny avtalefesta pensjon frå privat sektor blir likestilt med arbeidsinntekt, på same måte som sjukepengar og andre ytingar frå folketrygda. Endringa inneber at avtalefesta pensjon frå privat sektor vil kunne redusere pensjon eller overgangsstønad til gjenlevande ektefelle.

Departementet viser til avsnitt 2.5.

Til § 17-11 første ledd bokstav c

Paragrafen regulerer i kva for tilfelle retten til pensjon eller overgangsstønad til gjenlevande ektefelle fell bort. *Første ledd bokstav c* blir endra slik at

avtalefesta pensjon frå privat sektor ikkje lenger gjer at retten til ytingar til gjenlevande ektefelle fell bort. Avtalefesta pensjon frå offentleg sektor vil framleis føre til at retten til denne ytinga fell bort. Det same gjeld avtalefesta pensjon frå privat sektor etter kapittel 4 (overgangsordning – avtalefesta pensjon etter gamle reglar) i AFP-tilskottsslova. Sjå òg endringa i § 17-8 fjerde ledd der det går fram at ny avtalefesta pensjon frå privat sektor skal reknast som inntekt som kan gje redusert pensjon eller overgangsstønad etter folketrygdlova kapittel 17.

Departementet viser til avsnitt 2.5.

Til § 19-3

Paragrafen regulerer retten til alderspensjon for personar som ikkje er medlemmer i trygda (ikkje er busette i Noreg). Etter *tredje ledd* kan særtillegg og forsørgingstillegg i dag bli betalte ut på grunnlag av den same trygdetida som grunnpensjonen rekna ut etter, jf. andre ledd. Særtillegget blir erstatta av eit pensjonstillegg rekna ut på grunnlag minste pensjonsnivå og basispensjonen (grunnpensjon og tilleggspensjon). *Tredje ledd* blir derfor endra slik at pensjonstillegg og minste pensjonsnivå skal reknast ut med same trygdetid som særtillegget skal etter dagens reglar.

Det går fram av *fjerde ledd andre punktum* at den delen av ein alderspensjon som er rekna ut etter dei særlege reglane for flyktningar ikkje kan betalast ut til personar som ikkje er medlem av trygda. Dei særlege reglane gjeld mellom anna rett til full minstepensjon utan omsyn til reglane om trygdetid, jf. § 3-2 sjette ledd og § 3-3 sjuande ledd. Frå 2011 vil minste pensjonsnivå gå fram av nye § 19-8, jf. lov 5. juni 2009 nr. 32, og særreglane for minste pensjonsnivå for flyktningar går fram av sjuande ledd i den paragrafen. For å føre vidare verknaden av dei reglane som gjeld i dag, blir det derfor i § 19-3 fjerde ledd andre punktum lagt til at retten til utrekning etter nye § 19-8 sjuande ledd berre gjeld om ein er medlem av trygda.

I *nytt femte ledd første punktum* blir det presisert at pensjonen skal reknast om når endra medlemskap i folketrygda påverkar pensjonen. Når pensjonen skal reknast om, må ein mellom anna ta omsyn til regulering og gradering av pensjonen. I *nytt femte ledd andre punktum* får departementet heimel til å fastsetje forskrifter om dette. Alle alderspensjonistar får pensjonen regulert etter nye reglar, og det må derfor fastsetjast slike reglar både for personar som har teke ut pensjon etter dagens reglar (særtillegg mv.) og etter nye fleksible reglar.

Departementet viser til avsnitt 2.6.

Til innhaldslista til kapittel 20

Først i kvart kapittel i folketrygdlova er det ei liste over paragrafane i kapitlet. Ved lov 4. juni 2010 nr. 17, jf. Prop. 82 L (2009–2010), vart det lagt til ein ny § 20-7 a om pensjonsoptening i ny alderspensjon for mottakarar av uførepensjon. Paragrafen vart likevel ikkje lagt til i innhaldslista i kapittel 20. Endringa gjer at paragrafen blir lagt til mellom §§ 20-7 og 20-8, slik at oversynet blir komplett att.

Til § 20-4

Paragrafen gjeld opptening av inntektpensjon. Det går fram av *andre ledd* at den samla årlege oppteninga på ulike pensjonsgjevande grunnlag, ikkje kan vere høgare enn 18,1 prosent av eit beløp svarende til 7,1 gonger grunnbeløpet. Grunnbeløpet blir endra årleg med verknad frå mai. Ved *nytt andre punktum* i andre ledd blir det presisert at det er det gjennomsnittlege grunnbeløpet i kalenderåret som skal leggjast til grunn.

Departementet viser til avsnitt 2.4.

Til § 20-5

Paragrafen gjeld opptening av inntektpensjon på grunnlag av pensjonsgjevande inntekt. Pensjonsoppteninga svarer til 18,1 prosent av inntekt opp til 7,1 gonger grunnbeløpet. I eit *nytt tredje punktum* blir det presisert at det er det gjennomsnittlege grunnbeløpet i kalenderåret som skal leggjast til grunn. Sjå merknaden til endringa i § 20-4 òg.

Departementet viser til avsnitt 2.4.

Til § 20-6

Paragrafen gjeld opptening av inntektpensjon for personar som utfører førstegongsteneste. Den årlege oppteninga utgjer 18,1 prosent av eit beløp som svarer til 2,5 gonger grunnbeløpet. Opptening blir godskriven forholdsmessig for kvar månad. Ved *andre ledd nytt andre punktum* blir det presisert at det er det gjennomsnittlege grunnbeløpet i kalenderåret som skal leggjast til grunn. Sjå merknaden til endringa i § 20-4 òg.

Departementet viser til avsnitt 2.4.

I *nytt fjerde ledd* får departementet heimel til å fastsetje forskrifter om slik opptening. Det kan gjenvæst nærmere reglar om når perioden med førstegongsteneste skal bli rekna som samanhengande. Opphold i tenesta på grunn av overføring til sivilneste og opphold på grunn av sjukdom, sosiale eller familiære forhold er døme på tilfelle der den avtente førstegongstenesta likevel kan bli rekna som samanhengande.

Departementet viser til avsnitt 2.7.

Til § 20-7

Paragrafen gjeld opptening av inntektpensjon for personar som mottek dagpengar. Den årlege oppteninga svarer til 18,1 prosent av inntekt, fastsett etter særlege reglar, opp til 7,1 gonger grunnbeløpet. Ved *andre ledd nytt andre punktum* blir det presisert at det er det gjennomsnittlege grunnbeløpet i kalenderåret som skal leggjast til grunn. Sjå merknaden til endringa i § 20-4 òg.

Departementet viser til avsnitt 2.4.

Til § 20-7 a

Paragrafen gjeld opptening av inntektpensjon for personar som mottek uførepensjon. Den årlege oppteninga svarer til 18,1 prosent av anteken inntekt opp til 7,1 gonger grunnbeløpet. Ved *nytt sjette ledd* blir det presisert at det er det gjennomsnittlege grunnbeløpet i kalenderåret som skal leggjast til grunn for oppteninga. Sjå merknaden til endringa i § 20-4 òg.

Departementet viser til avsnitt 2.4.

Til § 20-8

Paragrafen gjeld opptening av inntektpensjon for personar som har utført omsorgsarbeid. Pensjonsoppteninga svarer til 18,1 prosent av eit beløp på 4,5 gonger grunnbeløpet. I *tredje ledd nytt første punktum* blir det presisert at det er det gjennomsnittlege grunnbeløpet i kalenderåret som skal leggjast til grunn for denne oppteninga. Sjå merknaden til endringa i § 20-4 òg.

Departementet viser til avsnitt 2.4.

Til § 20-10

Paragrafen gjeld trygdetid. Det går fram av § 20-14 at inntektpensionen skal fastsetjast på grunnlag av pensjonsbeholdninga slik denne er på det tidspunktet pensjonen blir teken ut. For at garantipensjonen ikkje skal bli rekna ut på grunnlag av ein lengre oppteningsperiode enn inntektpensionen, går det fram av *nytt tredje ledd* at garantipensjonen skal fastsetjast på grunnlag av trygdetid til og med det kalenderåret som sist er likna ferdig på det tidspunktet pensjonen blir teken ut. I neverande fjerde ledd andre punktum, som blir *nytt femte ledd* andre punktum, blir ei tilvising endra fordi det er lagt til eit nytt ledd i paragrafen.

Departementet viser til avsnitt 2.3.

5.2 Til endringane i lov 5. juni 2009 nr. 32 om endringer i folketrygdloven (ny alderspensjon)

Til innhaldslista til kapittel 19

Ved lov 5. juni 2009 nr. 32, jf. Ot.prp. nr. 37 (2008–2009) blir det 1. januar 2011 gjort ei rekke endringar i folketrygdlova kapittel 19, og det blir gjeve ei ny innhaldsliste til kapitlet frå same tidspunktet. Noverande folketrygdlova § 19-9 blir flytta og blir ny § 19-18. Ved lov 19. februar 2010 nr. 5 vart mellom anna tittelen på paragrafen endra, men tilsvarende endring vart gjort ikkje gjort i innhaldslista til kapittel 19. Endringa inneber at dette blir retta opp.

Til 19-5 andre ledd

Paragrafen definerer omgrepene basispensjon, som dannar grunnlaget for utrekning av årleg pensjon. I *nytt andre ledd første punktum* blir det presisert at opptente pensjonspoeng etter §§ 3-13 og 3-14 og godskrivne pensjonspoeng ved omsorgssarbeid etter § 3-16 blir medrekna frå utløpet av det året likninga ligg føre. I *andre punktum* blir det vist til at reglane for medrekning av trygdetid er gjevne i § 3-5. Desse reglane er tilsvarende. Sjå merknaden til folketrygdlova § 3-5 nytt sjuande ledd òg.

Departementet viser til avsnitt 2.3.

Til § 19-8

Paragrafen gjev reglar om minste pensjonsnivå. I andre ledd nytt *tredje punktum* blir det presisert det at satsane gjeld generelt, det vil seie at minstegarantiane òg gjeld for personar som har teke ut alderspensjon med verknad før 1. januar 2011 og/eller er fødde i 1942 eller tidlegare.

Endringa i *tredje ledd* fører vidare gjeldande rett og presiserer at når ektefellen mottek AFP i privat sektor etter gamle reglar (AFP teken ut før 2011) har ein rett til det same nivået som om begge mottek alderspensjon frå folketrygda.

Av endringa i *fjerde ledd* går det fram at om ektefellane ikkje lever saman, har dei rett til ordinær sats.

Endringa i *femte ledd* klargjer kor mykje ektefellen kan tene for at pensjonisten kan få høg sats. Grensa er maksimalt to gonger grunnbeløpet. Ein kan likevel ikkje få høg sats om ektefellen mottek avtalefesta pensjon i offentleg sektor.

I *sjuande ledd* er tilvisinga endra fordi paragrafen har fått eit nytt sjette ledd.

Departementet viser til punkt 2.1.3 og 2.9.1.

Til § 19-11 første ledd

Paragrafen gjeld vilkår for å kunne ta ut alderspensjonen før 67 år. To personar med same pensjonsopptening, men med ulik sivilstand, skal kunne ta ut alderspensjon frå same tidspunkt. Det går derfor fram av *første ledd tredje punktum* at minste pensjonsnivå med høg sats skal nyttast i utrekninga. Både minste pensjonsnivå og grunnpensionen er differensierte etter sivilstand. Ved nytt *fjerde punktum* blir det presisert at grunnpensionen i basispensjonen òg skal reknast ut som om ein er einsleg (jf. folketrygdlova § 3-2 tredje ledd) når ein vurderer om vilkåret for å kunne ta ut alderspensjon før 67 år er oppfylt.

Departementet viser til avsnitt 2.2.

5.3 Til endringane i lov 11. desember 2009 nr. 112 om endringer i folketrygdloven mv. (tilpasninger i folketrygdens regelverk som følge av pensjonsreformen)

Til § 3-24 første ledd første punktum

Paragrafen gjeld ektefelletillegg. *Første ledd* omhandlar ektefelletillegg for uførepensjonistar. Reglane for ektefelletillegg har stort sett vore like for uførepensjonistar og alderspensjonistar. På grunn av dei nye reglane for alderspensjon frå 2011, vart det gjeve eigne reglar for ektefelletillegg til alderspensjonistar. Ved ein inkurie vart omgrepene «utan ventetillegg» verande att i reglane for ektefelletillegg for uførepensjonistar. Endringa inneber at omgrepene blir teke ut av føresegna, da det berre er alderspensjonistar som kan ha ventetillegg.

Departementet viser til punkt 2.9.2.

Til § 3-24 tredje ledd bokstav d

Paragrafen gjeld ektefelletillegg. *Tredje ledd* listar opp i kva for tilfelle ektefellen ikkje kan reknast å vere forsørgd av pensjonisten. Endringa i bokstav d presiserer at det ikkje kan bli gjeve ektefelletillegg for ein ektefelle som anten mottek heil alderspensjon eller delvis alderspensjon, eller som ikkje har teke ut alderspensjon, men har nok opptening til at han eller ho har rett til heil alderspensjon.

Departementet viser til punkt 2.9.3.

Til § 3-26 sjette ledd bokstav b

Ved ein inkurie er det vist til eit fribeløp som skal gå fram av sjette ledd bokstav d. Sjette ledd har berre bokstavane a til c, og fribeløpet går fram av sjette ledd bokstav a.

Departementet viser til punkt 2.9.4.

Til § 17-3 sjuande ledd

Paragrafen gjeld krav til medlemskap fram til dødsfallet for rett til pensjon til gjenlevande ektefelle. I *sjuande ledd* er det gjort unntak frå vilkåret om føregående medlemskap fram til dødsfallet om den avdøyde hadde tent opp pensjon av ein viss storleik. Endringa av *sjuande ledd andre punktum* inneber at det blir presisert at det er poengår og medlemskap fram til tidspunktet for dødsfallet som skal vere grunnlaget for utrekning av ytinga, og ikkje fram til tidspunktet for uførleiken.

Departementet viser til punkt 2.9.5.

Til § 18-2 sjuande ledd

Paragrafen gjeld krav til medlemskap fram til dødsfallet for rett til bar nepsjon. I *sjuande ledd* er det gjort unntak frå vilkåret om føregående medlemskap fram til dødsfallet om den avdøyde hadde tent opp pensjon av ein viss storleik. Endringa av *sjuande ledd andre punktum* inneber at det blir presisert at det er poengår og medlemskap fram til tidspunktet for dødsfallet som skal vere grunnlaget for utrekning av ytinga, og ikkje fram til tidspunktet for uførleiken.

Departementet viser til punkt 2.9.5.

Til del III

Del III gjeld iverksetjing av lovendringane. Alle endringane trer i kraft frå 1.januar 2011. Endringa i § 3-20 gjeld likevel frå 1. januar 2010 og gjeld for tilfelle der uførepensjonen blir ytt med verknad frå og med 1. januar 2010.

For å unngå at løpende ytingar må reknast om i tilfelle dette ikkje trengst, blir endringane i § 3-24 andre ledd, § 3-25, § 3-26 femte og sjette ledd og § 3-28 første og andre ledd likevel først gjorde gjeldande frå 1. mai 2011 for alderspensjonistar som med verknad før 1. januar 2011 får pensjonen eller forsøringstillegg til pensjonen rekna ut etter desse føresegogene. I andre høve trer endringane i §§ 3-24, 3-25, 3-26 og 3-28 i kraft 1. januar 2011.

Personar fødde i 1942 eller tidlegare er ikkje omfatta av dei fleksible og nøytrale uttaksreglane. Denne gruppa vil dermed kunne tape alderspensjon når reglane i folketrygdlova § 22-13 fjerde ledd om etterbetaling blir endra. Føresegna om iverksetjing blir endra slik at endringa i § 22-13 fjerde ledd ikkje gjeld personar fødde i 1942 eller tidlegare.

Departementet viser til punkt 2.8.1.

5.4 Til endringane i AFP-tilskottsløven**Til § 6 første og tredje ledd**

Paragrafen inneholder reglar om grunnlaget for utrekning av ny AFP og oppjustering (regulering) fram til uttakstidspunktet.

Første ledd gjev reglar om ulike grunnlag. Hovudprinsippet er at AFP skal vere basert på pensjonsgjevande inntekt i folketrygda. Vidare kan ein rekle med opptening for førstegongsteneste, mottak av dagpengar og omsorgsarbeid etter dei same reglane som i ny alderspensjon. Folketrygdlova § 20-7 a blir lagt til i *første ledd*, slik at mottak av uførepensjon frå og med 2010 òg skal reknast med på same måten som i ny alderspensjon, jf. Prop. 82 L (2009–2010). Vidare blir det presisert at grunnlaget skal vere dei beløpa det blir rekna opptening av etter folketrygdlova §§ 20-6 til 20-8, ikkje oppteninga på 18,1 prosent av desse beløpa. I *andre og tredje punktum* blir ordlyden endra i samsvar med ordlyden i folketrygdlova § 20-21, og det blir presisert at dette gjeld for år før 2010. For år ein har motteke uførepensjon blir summen av opptente og godskrivne pensjonspoeng rekna om til inntekt og teken med i grunnlaget i staden for pensjonsgjevande inntekt.

Departementet viser til avsnitt 3.1.

Tredje ledd gjev reglar om oppjustering (regulering) av inntektsgrunnlaget. Endringane i *andre og tredje punktum* er ei opprettning som presiserer at grunnlaget skal justerast opp i 2010 i samsvar med endringa i grunnbeløpet, og at oppjustering med lønnsveksten gjeld frå 2011. Dette vart retta opp i folketrygdlova § 20-18 gjennom lov 4. juni 2010 nr. 17, jf. Prop. 82 L (2009–2010). Ny regulering vil dermed gjelde frå 2011 både for AFP og alderspensjon.

Departementet viser til avsnitt 3.2.

Til § 14

Paragrafen slår fast korleis AFP etter gamle reglar (overgangsordning) skal reknast ut. AFP etter gamle reglar gjeld personar som har teke ut avtalefesta pensjon med verknadstidspunkt før 1. januar 2011, jf. AFP-tilskottsløva § 12. Paragrafen fører vidare dei reglane som gjeld etter § 2 bokstav c i lov 23. desember 1988 nr. 110 om statstilskott til ordninger for avtalefestet pensjon, men tilpassa ny regulering frå 2011.

Første ledd fastset at pensjonen skal setjast saman av grunnpensjon, tilleggspensjon og/eller særtillegg, som i dag. Endringa i leddet er at *tredje punktum*, som gjev reglar for forsøringstillegg, blir flytta til eit nytt femte ledd i paragrafen. Det blir

dermed gjort meir klart at forsørgingstillegg ikkje blir rekna som del av pensjonen når ein vurderer om pensjonen overstig 70 prosent av tidlegare inntekt. Sjå andre ledd, som viser til pensjon etter første ledd. Dette er i samsvar med dei reglane som gjeld i dag.

Andre ledd gjev ein regel om at AFP, inkludert AFP-tillegget, ikkje kan vere høgare enn 70 prosent av tidlegare inntekt. Endringa inneber at orda «på uttakstidspunktet» blir tekne ut. Formuleringa var meint som ei rekneteknisk klargjering, men er misvisande fordi pensjonen må avgrensast på nytt dersom sivilstanden blir endra. Dei detaljerte reglane vil elles gå fram av forskrift, mellom anna er «tidlegare inntekt» nærmere definert der. For at regelen skal ha den tilsikta verknaden og ikkje kunne kompensere for ny (lågare) regulering, skal den tidlegare inntekta regulerast på same måten som pensjonen vil bli regulert etter frå 2011.

Tredje ledd er det gjeve reglar om regulering av pensjonen. Endringa inneber at regelen om regulering av forsørgingstillegg blir teken ut. Bakgrunnen er at forsørgingstillegg blir rekna ut etter reglane for alderspensjon i folketrygdlova § 3-24, og det går fram der at ektefellettillegg skal svare til ein prosent av minste pensjonsnivå. Fordi minste pensjonsnivå blir regulert etter folketrygdlova § 19-14 tredje ledd, vil ektefellettillegg automatisk få slik regulering. Når reglane om forsørgingstillegg stod i første ledd, kunne det likevel vere nyttig å presisere at denne delen av pensjonen skulle regulerast annleis enn resten. Dette er ikkje tilfellet lenger når reglane om forsørgingstillegg blir flytta til femte ledd. Sjå merknaden til første ledd.

Fjerde ledd inneber at grunnpensjon, tilleggs-pensjon og særtillegg skal reknast om dersom sivilstanden mv. endrar seg og dette påverkar pensjonen. Nærare reglar går fram av forskrifter, fastsette med heimel i AFP-tilskottlova § 30 bokstav d. Leddet er uendra.

Femte ledd er nytt, og innhaldet er flytta hit frå første ledd tredje punktum. Sjå merknaden til første ledd.

Departementet viser til avsnitt 3.3.

Til § 16 andre ledd

Etter føresegna i *andre ledd* skal AFP etter gamle reglar setjast ned ved institusjonsopphald, mellom anna fengsel, etter reglane i folketrygdlova §§ 3-27 til 3-29. Dette var meint som ei lovfesting av gjeldande rett, jf. omtalen i Ot.prp. nr. 111 (2008–2009), men gjeld i dag berre AFP frå LO/NHO-ordninga. Leddet blir oppheva, slik at regelen om redusert AFP ved institusjonsopphald framleis berre vil gjelde denne ordninga, der regelen er fastsett i vedtekter.

Departementet viser til avsnitt 3.4.

Arbeidsdepartementet

til rår:

At Dykkar Majestet godkjener og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i folketrygdlova mv. (enkelte presiseringer i samband med pensjonsreforma).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjøre vedtak til lov om endringar i folketrygdlova mv. i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i folketrygdlova mv.

I

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd skal desse endringane gjerast:

I oversynet over korleis lova er bygd opp skal desse endringane gjerast:

Teksten «Kapittel 10 Ytelser under medisinsk rehabilitering» skal endrast til:

Kapittel 10 Stønad for å kompensere for utgifter til bedring av arbeidsevnien og funksjonsevnien i dagliglivet

Teksten «Kapittel 11 Ytelser under yrkesrettet attföring» skal endrast til:

Kapittel 11 Arbeidsavklaringspenger og tilleggsstønader

Teksten «Kapittel 20 Administrative organer» under del VII skal flyttast til del VI etter kapittel 19 og endrast til:

Kapittel 20 Ny alderspension

§ 3-3 første ledd nytt tredje punktum skal lyde:

Det ytes ikke særtillegg til alderspension gitt med virkning etter 2010 for personer født fra og med 1943, se §§ 19-8 og 19-9.

§ 3-3 nytt åttande ledd skal lyde:

Departementet gir forskrifter om beregning av særtillegg og om minste samlede pensjonsnivå til ektepar hvor ektefellenes samlede pensjon består av både uførepension og alderspension.

§ 3-5 nytt sjuande ledd skal lyde:

Trygdetid i alderspensioner medregnes fra utløpet av det året ligningen for det aktuelle året er ferdig.

Noverande sjuande til åttande ledd blir nye åttande til niande ledd.

§ 16-8 tredje ledd skal lyde:

Likestilt med arbeidsinntekt er dagpenger etter kapittel 4, sykepenger etter kapittel 8, stønad ved

barns og andre nære pårørendes sykdom etter kapittel 9, arbeidsavklaringspenger etter kapittel 11, *svangerskapspenger* og foreldrepenger etter kapittel 14 og *pensjonsytelser etter AFP-tilskottsloven kapitlene 2 og 3.*

§ 16-10 første ledd bokstav c skal lyde:

c) mottar avtalefestet pensjon (AFP) fra en offentlig pensjonsordning eller avtalefestet pensjon etter AFP-tilskottsloven kapittel 4.

§ 17-8 fjerde ledd skal lyde:

Likestilt med arbeidsinntekt er dagpenger etter kapittel 4, sykepenger etter kapittel 8, stønad ved barns og andre nære pårørendes sykdom etter kapittel 9, arbeidsavklaringspenger etter kapittel 11, *svangerskapspenger* og foreldrepenger etter kapittel 14 og *pensjonsytelser etter AFP-tilskottsloven kapitlene 2 og 3.*

§ 17-11 første ledd bokstav c skal lyde:

c) mottar avtalefestet pensjon (AFP) fra en offentlig pensjonsordning eller avtalefestet pensjon etter AFP-tilskottsloven kapittel 4.

§ 19-3 skal lyde:

§ 19-3 Fortsatt medlemskap

Det er et vilkår for rett til alderspension at vedkommende er medlem i trygden.

Den som ikke er medlem i trygden, får likevel alderspension dersom vedkommende har minst 20 års samlet botid, se § 3-5 åttende ledd. Til den som har mindre enn 20 års botid, ytes det

- a) tilleggspensjon,
- b) grunnpensjon etter en trygdetid som svarer til det antall poengår tilleggspensjonen er beregnet etter.

Minste pensjonsnivå etter § 19-8 og pensjonstillegg etter § 19-9 beregnes på grunnlag av samme trygdetid som grunnpensjonen ytes etter. Det samme gelder ektefelletillegg og barnetillegg etter §§ 3-24 og 3-25.

Tilleggspensjon etter bestemmelsene om garantert tilleggspensjon i § 3-22, beholdes bare så

lenge pensjonisten er medlem i trygden. Det samme gjelder alderspensjon til en flyktning som får pensjonen beregnet på grunnlag av bestemmelserne i § 3-2 sjette ledd, § 3-9 tredje ledd og § 19-8 sjuende ledd.

Ved endring i medlemskap som påvirker pensjonen, skal pensjonen omregnes. Departementet gir forskrifter med nærmere regler om omregning.

I innhaldslista til kapittel 20 skal nytt åttande strekpunkt lyde:

– *pensjonsopptjening for uførepensionister står i § 20-7 a*

Noverande åttande til attande strekpunkt blir nye niande til nittande strekpunkt.

§ 20-4 andre ledd nytt andre punktum skal lyde:

Det er det gjennomsnittlige grunnbeløpet for kalenderåret som legges til grunn.

§ 20-5 nytt tredje punktum skal lyde:

Det er det gjennomsnittlige grunnbeløpet for kalenderåret som legges til grunn.

§ 20-6 andre ledd nytt andre punktum skal lyde:

Det er det gjennomsnittlige grunnbeløpet for kalenderåret som legges til grunn.

§ 20-6 nytt fjerde ledd skal lyde:

Departementet gir forskrifter om beregning av pensjonsopptjening ved avtjening av førstegangstjeneste, herunder hva som menes med sammenhengende periode i første ledd.

§ 20-7 andre ledd nytt andre punktum skal lyde:

Det er det gjennomsnittlige grunnbeløpet for kalenderåret som legges til grunn.

§ 20-7 a nytt sjette ledd skal lyde:

Ved beregninger etter paragrafen her skal det gjennomsnittlige grunnbeløpet for kalenderåret legges til grunn.

Noverande sjette ledd blir nytt sjuande ledd.

§ 20-8 tredje ledd nytt første punktum skal lyde:

Det er det gjennomsnittlige grunnbeløpet for kalenderåret som legges til grunn for opptjeningen.

Noverande første punktum blir nytt andre punktum.

§ 20-10 nytt tredje ledd skal lyde:

Trygdetid medregnes fra utløpet av det året ligningen for det aktuelle året er ferdig.

Noverande tredje til fjerde ledd blir nye fjerde til femte ledd. Tilvisinga i nytt femte ledd andre punktum skal endrast frå tredje til fjerde ledd.

II

I lov 5. juni 2009 nr. 32 om endringer i folketrygdkloven (ny alderspensjon) skal desse endringane gjerast:

I endringa av innhaldslista til kapittel 19 skal fjortande strekpunkt lyde:

– forholdet til avtalefestet pensjon *tilstått før 1. januar 2011* står i § 19-18

§ 19-5 nytt andre ledd skal lyde:

Pensjonspoeng etter §§ 3-13, 3-14 og 3-16 medregnes i tilleggspensjonen fra utløpet av det året ligningen for det aktuelle året er ferdig. Trygdetid medregnes etter reglene i § 3-5.

Noverande andre ledd blir nytt tredje ledd.

§ 19-8 skal lyde:

En person som har minst 40 års trygdetid, se § 3-5, har rett til et uavkortet minste pensjonsnivå ved 67 år. Er trygdetiden mellom 3 og 40 år, avkortes nivået forholdsmessig. Det kreves minst 3 års trygdetid for rett til et minste pensjonsnivå ved 67 år.

Satsene for minste pensjonsnivå ved 67 år for upgradert pensjon fastsettes i forbindelse med den årlige reguleringen av alderspensjoner, se § 19-14 åttende ledd. Nivået fastsettes med flere satser som avhenger av sivilstatus og størrelsen på ektefellens inntekt og pensjon. *Satsene for minste pensjonsnivå i paragrafen her gjelder uavhengig av når alderspensjon ble innvilget.*

Lav sats ytes til den som lever sammen med en ektefelle som mottar foreløpig uførepensjon, *uførepensjon, alderspensjon eller avtalefestet pensjon etter kapittel 4 i AFP-tilskottsloven.*

Ordinær sats ytes til samboere som har levd sammen i 12 av de siste 18 månedene, og til personer som *lever sammen* med en ektefelle som ikke mottar foreløpig uførepensjon, *uførepensjon, alderspensjon eller avtalefestet pensjon etter kapittel 4 i AFP-tilskottsloven.*

Høy sats ytes til personer som ikke omfattes av tredje eller fjerde ledd. Det kan likevel gis høy sats til personer som nevnt i fjerde ledd dersom ektefel-

len eller samboeren har en årlig inntekt, inkludert kapitalinntekt, som *ikke overstiger* to ganger grunnbeløpet og *ektefellen eller samboeren ikke mottar avtalefestet pensjon fra offentlig pensjonsordning*.

Det fastsettes en særskilt sats for personer som fyller vilkårene for rett til ektefelletillegg for forsørget ektefelle over 60 år.

En flyktning (§ 1-7) som er medlem i trygden har rett til et pensjonsnivå som nevnt i første til *sjette* ledd uten hensyn til bestemmelsene om trygdetid.

Dersom summen av grunnpensjon og tilleggs-
pensjon er lavere enn pensjonsnivået vedkom-
mende har rett til i henhold til denne bestemmel-
sen, skal differansen utbetales som et pensjonstil-
legg, se § 19-9.

Departementet gir forskrifter om minste sam-
lede pensjonsnivå til pensionistektpar og kan her-
under gjøre unntak fra reglene i tredje ledd.

§ 19-11 første ledd nytt fjerde punktum skal lyde:
Grunnpensjonen i basispensjonen, se § 19-5, skal beregnes med satsen etter § 3-2 tredje ledd.

Noverande fjerde punktum blir nytt femte punktum.

III

I lov 11. desember 2009 nr. 112 om endringer i folketrygdloven mv. (tilpasninger i folketrygdens re-
gelverk som følge av pensjonsreformen) blir desse
endringane gjort:

I endringa av folketrygdloven § 3-24 skal første
ledd første punktum lyde:

Til en person som mottar uførepensjon og som for-
sørger ektefelle, ytes det ektefelletillegg med 50
prosent av *grunnpensjonen*.

I endringa av folketrygdloven § 3-24 skal tredje
ledd bokstav d lyde:

d) *mottar alderspensjon eller* har rett til hel alders-
pensjon, eller

I endringa av folketrygdloven § 3-26 skal sjette
ledd bokstav b lyde:

b) Dersom pensjonisten har rett til barnetillegg
for barn som bor sammen med begge foreldre-
ne, skal fribeløpet svare til fribeløpet etter bok-
stav a tillagt 20 prosent av minste pensjonsnivå
med høy sats, se § 19-8, for hvert barn. Dette fri-
beløpet gjelder også for et eventuelt ektefelletil-
legg.

I endringa av folketrygdloven § 17-3 skal sjuande
ledd andre punktum lyde:

Med «ytelse på grunnlag av tidligere opptjening»
menes en ytelse beregnet etter reglene for alders-
pensjon etter kapittel 3 på grunnlag av poengår og
perioder som medlem av folketrygden *før dødsfallet*.

I endringa av folketrygdloven § 18-2 skal sjuande
ledd andre punktum lyde:

Med «ytelse på grunnlag av tidligere opptjening»
menes en ytelse beregnet etter reglene for alders-
pensjon etter kapittel 3 på grunnlag av poengår og
perioder som medlem av folketrygden *før dødsfallet*.

Del III første ledd nye andre og tredje punktum
skal lyde:

*Endringene i § 3-24 andre ledd, § 3-25, § 3-26 femte
og sjette ledd og § 3-28 første og andre ledd gjøres
likevel gjeldende fra 1. mai 2011 for alderspensionis-
ter som med virkning før 1. januar 2011 får pensjo-
nen eller forsørgingstillegg til pensjonen beregnet
etter disse bestemmelsene. Endringen i § 22-13 fjerde
ledd gjøres gjeldende for personer født i 1943 eller
senere.*

IV

I lov 19. februar 2010 nr. 5 om statstilskott til ar-
beidstakere som tar ut avtalefestet pensjon i privat
sektor skal desse endringane gjerast:

§ 6 første ledd skal lyde:

Grunnlaget for avtalefestet pensjon skal være
summen av vedkommendes inntekt i de enkelte år
med registrert pensjonsgivende inntekt i folke-
trygden, inkludert *beløp det beregnes opptjening av*
etter folketrygdloven §§ 20-6, 20-7, 20-7 a og 20-8.
*For år før 2010 det er godskrevet pensjonspoeng for
omsorgsarbeid etter folketrygdloven § 3-16, omreg-
nes de godskrevne pensjonspoengene til inntekt og
medregnes i grunnlaget. For år før 2010 det er god-
skrevet pensjonspoeng ved uførhet, skal summen av
opptjente og godskrevne pensjonspoeng etter folke-
trygdloven §§ 3-14 og 3-19 omregnes til inntekt og
medregnes i grunnlaget.*

§ 6 tredje ledd skal lyde:

Inntekten i det enkelte år før 2010 skal oppjus-
teres i samsvar med forholdet mellom grunnbelø-
pet per 1. januar 2010 og gjennomsnittlig grunnbe-
løp i opptjeningsåret. *Oppjustering i 2010 skjer i
samsvar med endring i grunnbeløpet. Ved oppjuste-
ring i 2011 og senere gjelder reglene i fjerde ledd.*

§ 14 skal lyde:

§ 14 Pensjonen

For å gi rett til tilskott må pensjonen bestå av grunnpensjon, tilleggspensjon og særtillegg og skal tilsvare ugradert uførepensjon beregnet etter reglene i folketrygdloven kapittel 3, men uten poengtillegg etter § 7-3 nr. 3 i tidligere lov om folketrygd 17. juni 1966 nr. 12. Det skal heller ikke tas hensyn til avdød ektefelles poengopptjening eller *trygdetid*.

Pensjon etter første ledd, med vedtektsfestede tillegg, *må ikke* overstige 70 prosent av tidligere inntekt.

Regulering av avtalefestet pensjon under utbetaling skjer årlig med virkning fra 1. mai. Pensjonen, unntatt forsørgingstillegg og vedtektsfestede tillegg, reguleres i samsvar med lønnsveksten og fratrekkes deretter 0,75 prosent. Reguleringsfakto-

ren etter folketrygdloven § 19-14 andre ledd legges til grunn. Ved første reguleringstidspunkt etter pensjonsuttak i månedene juni til april settes fratrekket forholdsmessig ned ut fra når i denne perioden pensjonen ble tatt *ut*.

Ved endring i sivilstand mv. som påvirker pensjonen, skal pensjonen omregnes.

Forsørgingstillegg ytes etter reglene for alderspensjon i folketrygdloven § 3-24, men slik at det bare ytes tillegg for forsørging av ektefelle som er 60 år eller eldre.

§ 16 andre ledd blir oppheva.

V

Del I trer i kraft 1. januar 2011. Endringane i folketrygdloven kapittel 20 trer likevel i kraft straks.

Delane II til IV trer i kraft straks.